

Møtebok

Kommunestyret

Møtedato: 26.06.2014
Møtestad: Kyrkjestova

Møtetid: 12:00 - 17:30
Saknr.: 030/14

Følgjande medleamar møtte	Parti
Gjertrud Samland	V
Gyda Bøtun	V
Leidulv Finden	H
Marianne Bøthun	SP
Monica Feidje Midlang	AP
Morten Holmberg	V
Oddvar Tryti	AP
Olav J Bøtun	SP
Olav Turvoll	SP
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	SP
Stig Roar Hovland	AP
Svein Erik Saglien	V
Werner Robert Madsgård	AP
Bøtun Øydis Kleppe	KRF
Marta Finden Halset	AP
Vangsnes Ingvar	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Morten Midlang	H

Følgjande varamedl. møtte	Parti
Vangsnes Ingvar	H

Sakspapir

Saknr	Utval	Møtedato
053/14	Formannskapet	12.06.2014
055/14	Formannskapet	19.06.2014
030/14	Kommunestyret	26.06.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaknr.
Ottar Wiik	K1 - 143	12/1113

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2013 - 2024

Kort samandrag

Framlegg til revidert arealdel av kommuneplan for Vik kommune vart lagt ut til offentleg ettersyn etter vedtak i Formannskapet 21.2.14, sak 022/14.

75 merknader er registrerte.

Rådmannen rår til å ta nokre av merknadene til fylgje.

Kommunestyret har i medhald av Plan- og bygningslova §11-15 mynde til å vedta planen .

Kommunestyret sitt vedtak er endeleg, og kan ikkje påklagast.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova

Saksopplysningar

Framlegg til revidert arealdel av kommuneplan for Vik kommune vart lagt ut til offentleg ettersyn etter vedtak i Formannskapet 21.2.14, sak 022/14.

I høyringsperioden vart det halde folkemøte i alle 5 sokn:

Fresvik 26.3, Feios 1.4, Vangsnes 2.4., Vik 3.4, og Arnafjorden 10.4.

Innan fastsett frist kom det inn 71 merknader. 4 merknader kom inn etter fristen og utan avtale om utsetting. Rådmannen har valt å handsama desse på linje med øvrige merknader.

Det er ikkje registrert motsegn frå nokon instans med motsegnsmunde.

Kommunestyret har då mynde til å vedta planen som han ligg føre, evt med endringar av ein slik karakter at det ikkje utløyser krav til ny utlegging.

Kommunestyret sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Alle merknader er omtalte og vurderte i eige vedlegg.

Rådmannen har tilrådd å ta nokre innspel og merknader til fylgje, heilt eller delvis.

Dei tilrådde endringane er etter Rådmannen si vurdering av ein slik karakter at dei ikkje utløyser krav om ny utlegging.

Innkome merknader fylgjer vedlagt i PDF-format, og er i tillegg trykte opp og samla i eit eige hefte.

Plandokumenta er uendra frå utsending i samband med sak 022/14.

Rådmannen tek atterhald om at vedlagt saksutgreiing er *førebels*. Evt. endringar vert lagt fram i møte.

Vurdering

I vedlegg fylgjer Rådmannen sin omtale og vurdering av innkomne merknader, med framlegg til vedtak for kvart innspel.

Rådmannen si tilråding

I medhald av Plan- og bygningslova §11-15 vert revidert arealdel av kommuneplan for Vik kommune 2013-24 godkjent med dei endringar som er tilrådde i saksutgreiing frå Rådmannen.

Formannskapet - 053/14

Det vart gjennomført synfaring til utvalde område i Feios, friområde ved skulen og industriområde i Brennehagen. I Vik sentrum vart det gjennomført synfaring for bustadområdet på Tenold, og alternativ for omlegging av veg frå Vange bru til RV 13 sør for Vik kyrkje.

Plansjef Ottar Wiik gjekk gjennom alle merknader, rådmannen sine vurderingar og framlegg til vedtak.

Realitetshandsaming av merknadane vil bli gjort i nytt møte i formannskapet den 19.6.2014.

FS - vedtak:

Handsaminga ga ikkje grunnlag for vedtak.

Formannskapet - 055/14

Plansjef Ottar Wiik deltok under handsaminga av saka.

E-post frå Gert Vaartjes av 18.6.2014 om næringsområde N9 og N10 i Feios vart referert.

Rådmannen sine framlegg til vedtak for kvar einskild merknad som er komen inn i høyringsperioden vart gjennomgått. Til fylgjande merknader vart det sett fram alternative framlegg til vedtak, eller gjort vurderingar i høve til habilitet:

1. Merknad nr. 53 frå Kjartan Hauglum. Olav Turvoll Sp sette fram forslag om fylgjande tillegg til rådmannen si tilråding: *Det er ynskjeleg at ein i det vidare planarbeidet legg til grunn at utbygginga startar med tomtene i Grundelandfeltet før utbygging av områda B10 og B11.*

Vedteke samrøystes.

2. Gjeld spørsmålet om evt. stenging/omlegging av Røysavegen. Fellesframlegg frå Høgre og Venstre: *I samband med neste kommuneplanrevisjon skal det vurderast ei omlegging av Røysavegen rundt Vik Fængsel.*

Vedteke samrøystes.

3. Merknad nr. 72 frå Bård Rinde. Werner Madsgård (Ap) sette fram fylgjande framlegg til vedtak: Område G18 i Feios blir teke ut av planen og det blir gjennomført ny høyring. Området skal visast som LNF-område med vegsamband mellom Rinde-feltet og nytt bustadområde B9. Ved avrøysting fekk forslaget to røyster (Werner Madsgård (AP) og Morten Holmberg (V)) og fall.

4. Merknad nr. 79 frå eigarar på Deievollen. Morten Holmberg (V) er ektefelle/sambuar med Ragnhild Fjærestad, som er ein av dei som har signert merknaden, og ba om å bli vurdert i høve til habilitet. Han vart samrøystes sagt ugild og deltok ikkje under handsaminga av merknaden.

5. Til merknad nr. 85 frå Tine Meiereie Vik. Morten Holmberg (V) sette fram forslag om at deler av område G6 vert vist som område for sentrumsfunksjon. Ved avrøysting fekk framlegget berre forslagsstillaren si røyst og fall.

6. Merknad nr. 99 frå Malvin Hove. Werner Madsgård (Ap) sette fram fylgjande framlegg til vedtak: *Planvedtak for område G17 i Feios blir utsett. Rådmannen blir beden om å*

gjennomføra naudsynt høyring og offentleg ettersyn av forslag frå formannskapet om å ta friområde G17 ut av planen.

Vedteke samrøystes.

7. Merknad nr. 101 frå Ove Andersen. Morten Holmberg (V) sette fram forslag om merknaden vert teken til fylgje, og at det aktuelle området vert vist som bustadområde. Ved avrøysting fekk forslaget berre forslagsstillaren si røyst og fall.

8. Merknad nr. 104 frå Frode Otterskred. Morten Holmberg (V) er svoger med Nils Kåre Fjærestad som har fritidsbustad i nærområdet, og ba om å bli vurdert i høve til habilitet. Han vart samrøystes sagt gild og deltok under handsaminga av merknaden.

9. Merknad nr. 109 frå Johan Midlang. Morten Holmberg (V) er svoger med Nils Kåre Fjærestad som har fritidsbustad i nærområdet, og ba om å bli vurdert i høve til habilitet. Han vart samrøystes sagt gild og deltok under handsaminga av merknaden.

10. Merknad nr. 112 frå Vik Bondelag. Gjeld område B12 på Brekka/Hovsåsen. Morten Holmberg sette fram forslag om at B12 vert liggjande som område for bustadbygging. Ved avrøysting fekk framlegget to røyster (Morten Holmberg (V) og Morten Midlang (H)) og fall.

11. Merknad nr. 116 frå AOV v/Anders Vikøren. Gjeld pkt 5.3. i planføresegnene om bygningar i stølsområde. Olav Turvoll (Sp) sette fram fylgjande forslag: *I samband med neste kommuneplanrevisjon skal ein vurdere om største tilletne byggegrunnflate for einskildbygg skal setjast høgare enn 50 m2.*

Vedteke samrøystes.

12. Merknad nr. 142 frå Nils Kåre Fjærestad. Morten Holmberg (V) er svoger med Nils Kåre Fjærestad, og ba om å bli vurdert i høve til habilitet. Han vart samrøystes sagt gild og deltok under handsaminga av merknaden.

FS - vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §11-15 vert revidert arealdel av kommuneplan for Vik kommune 2013-24 godkjent med fylgjande endringar i høve til rådmannen sitt framlegg til endringar etter høyring:

1. Merknad nr. 53 frå Kjartan Hauglum, tillegg til rådmannen sitt framlegg: *Det er ynskjeleg at ein i det vidare planarbeidet legg til grunn at utbygginga startar med tomtene i Grundelandfeltet før utbygging av områda B10 og B11.*

2. *I samband med neste kommuneplanrevisjon skal det vurderast ei omlegging av Røysavegen rundt Vik Fengsel.*

3. *Planvedtak for område G17 i Feios blir utsett. Rådmannen blir beden om å gjennomføra naudsynt høyring og offentleg ettersyn av forslag frå formannskapet om å ta friområde G17 ut av planen.*

4. *I samband med neste kommuneplanrevisjon skal ein vurdere om største tilletne byggegrunnflate for einskildbygg skal setjast høgare enn 50 m2.*

Samrøystes

Kommunestyret - 030/14

Plansjef Ottar Wiik deltok under handsaminga av saka.

Til fylgjande tema vart det gjennomført avrøysting, eller gjort vurderingar i høve til habilitet:

1. Bustadområde Tenold. Svein Erik Saglien (V) er gift med Ann Kristin Tenold som har sendt inn merknad knytta til dette området, og ba om å bli vurdert i høve til habilitet. Han vart samrøystes sagt gild og deltok under handsaminga. Det vart ikkje sett fram alternative framlegg til vedtak for dette området.

2. Vegføringar på Vange og omlegging/stenging av Røysavegen. Leidulv Finden (H) og Ingvar Vangsnes (H) (på vegne av Fellesrådet) har sendt inn merknad, og ba om at dei vart vurdert i høve til habilitet. Dei gjekk frå under handsaminga av spørsmålet, og Marit Pettersen og Siv Settevik tok sete. Begge vart samrøystes sagt ugilde, og deltok ikkje under handsaminga av saka. Roy Egil Stadheim (AP) er tilsett ved Vik fengsel, og ba om habilitetsvurdering for spørsmålet om stenging/omlegging av Røysavegen. Stadheim vart samrøystes sagt gild, og deltok vidare under handsaming av saka. Werner Madsgård (Ap) sett fram forslag om at setninga i formannskapet sitt vedtak "*I samband med neste kommuneplanrevisjon skal det vurderast ei omlegging av Røysavegen rundt Vik Fengsel*" vart strøken. Ved avrøysting vart framlegget vedteke med 11 mot 6 røyster (representantane frå Høgre og Venstre).

3. Friområde G17 i Feios (grunneigar Malvin Hove). Formannskapet si tilråding vart sett under særskilt avrøysting:

Planvedtak for område G17 i Feios blir utsett. Rådmannen blir beden om å gjennomføra naudsynt høyring og offentleg ettersyn av forslag frå formannskapet om å ta friområde G17 ut av planen.

Vedteke samrøystes.

4. Friområde G18 i Feios (grunneigar Bård Rinde). Werner Madsgård (Ap) sett fram fylgjande framlegg: *Planvedtak for område B18 vert utsett. Rådmann blir beden om å gjennomføra naudsynt høyring av forslag frå kommunestyret om å visa G18 som LNF-område med vegsamband mellom Rinde bustadfelt og nytt bustadområde B9.*

Vedteke med 9 mot 8 røyster. Desse røysta mot framlegget: Representantane frå Sp, KrF, H og Marta F. Halset (Ap).

5. Bustadområde B12 Hovsåsen/Brekka. Morten Holmberg (V) sett fram forslag om at området vart liggjande som område for bustadbygging. Ved avrøysting fekk framlegget 6 røyster (representantane frå Høgre og Venstre) og fall.

6. Til retningslinene pkt. 1.3 Omsynssone Bevaring av naturmiljø H560 Kongsvatnet. Forslag frå Olav J. Bøtun (Sp) om omformulering av siste setning til å lyda slik: "*I området kan det tillatast enkle tiltak for tilrettelegging for friluftsliv*".

Vedteke samrøystes.

7. Pkt. 1 i formannskapet si tilråding om bustadbygging i Fresvik. Gyda Bøtun (V) sette fram fylgjande alternative forslag:

Det er ynskjeleg at ein i det vidare arbeidet legg til grunn at utbygginga startar med tomtene i Grundelandfeltet og deler av G10, men og at ein legg til rette for fortetting av buområde i sentrum.

Olav J. Bøtun har sendt inn merknad til dette temaet og ba om at hans habilitet vart vurdert. Han vart samrøystes sagt ugild, og deltok ikkje under drøftinga eller avrøystinga.

Ved avrøysting vart framlegget frå Gyda Bøtun vedteke samrøystes.

8. Til planføresegnene pkt 5.3. bygningar i stølsområde. Rune Lunde (Sp) sette fram forslag om at største byggegrunnflate for einskildbygg skal aukast frå 50 til 60 m².

Vedteke samrøystes.

9. Område sør for B21 i Flatbygdi. Morten Holmberg (V) sette fram forslag om at område sør for B21 på eigedomen til Henning Sæbø fekk endra arealformål frå LNF til bustadområde. Ved avrøysting fekk framlegget berre røystene frå Venstre (4) og fall.

10. Gjeld merknad frå Ove Andersen for eigedomen Klokkargarden. Roy Egil Stadheim er svoger til Ove Andersen og ba om at hans habilitet vart vurdert. Ved avrøysting vart Stadheim samrøystes sagt gild og deltok derette i handsaminga. Morten Holmberg (V) sette fram forslag om at merknaden vart teken til fylgje og at arealformålet vart endra til bustadområde.

Ved avrøysting fekk framlegget berre røystene frå Venstre (4) og fall.

11. Gjeld planomtalen s. 8 "Hovudtrekk i revidert plan 2013-24. Morten Holmberg (V) sette fram forslag om at siste kulepunkt under "Bustader" skal endrast og ha slik ordlyd: "*Opning for spreidd bustadbygging for å stimulera til busetting*".

Ved avrøysting fekk framlegget berre røystene frå Venstre (4) og fall.

KS - vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova § 11-15 vert revidert arealdel av kommuneplan for Vik kommune 2013-24 godkjent med fylgjande endringar i høve til rådmann sitt framlegg til endring etter høyring:

1. Merknad nr. 53 frå Kjartan Hauglum, tillegg til rådmann sitt framlegg: *Det er ynskjeleg at ein i det vidare arbeidet legg til grunn at utbygginga startar med tomtene i Grundelandfeltet og deler av G10, men og at ein legg til rette for fortetting av buområde i sentrum.*

2. *Planvedtak for område G17 i Feios blir utsett. Rådmannen blir beden om å gjennomføra naudsynt høyring og offentleg ettersyn av forslag frå formannskapet om å ta friområde G17 ut av planen.*

3. *Planvedtak for område G18 vert utsett. Rådmann blir beden om å gjennomføra naudsynt høyring av forslag frå kommunestyret om å visa G18 som LNF-område med vegsamband mellom Rinde bustadfelt og nytt bustadområde B9.*

4. Retningslinene pkt. 1.3 Omsynssone Bevaring av naturmiljø H560 Kongsvatnet. Siste setning skal lyda slik: *I området kan det tillast enkle tiltak for tilrettelegging forfriluftsliv.*

5. Til planføresegnene pkt 5.3. bygningar i stølsområde. Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vera 60 m².

Samrøystes.